

Førespurnad om tilbod på HR-ressurs.

Austrheim kommune har eit ledig vikariat som HR-rådgjevar.

Arbeidsoppgåva består av mellom anna av løpande oppgåver innan HR-området som sakshandsaming, oppfølging av sjukefråvær, leiarstøtte, rekruttering, lønnsadministrasjon og utviklingsarbeid.

Kommunen ønskjer ein effektiv og strukturert HR-rådgjevar med god fagleg kompetanse, kjennskap til tilsetjing i offentleg sektor og erfaring frå tilsvarande stilling.

Tidsrom: frå **12.06 til 31.12.2023**

Stillingsstørrelse: I snitt **60 %** stilling utlikna over mnd.

Arbeidsstad: Må tidvis vere fysisk til stades på kommunehuset på Mastrevik i snitt 1 dag pr veke. Resten av jobben kan utførast frå tilbydar sine lokalar.

Kompetanse: Tilbudd kandidat må ha minimum Bachelor innan HR-relaterte fag. Lang erfaring med tilsvarande arbeid kan kompensere for manglande formell utdanning. Det forventast og at kandidaten har god meistring innan bruk av tradisjonelle skriveprogram på PC.

Austrheim kommune vonar at de kan gje oss eit tilbod på ein HR-ressurs.

I vurderinga av innkomne tilbod kjem me til å vektleggja kvaliteten på kandidaten med **50%** og tilbudd pris med **50%**. Ved fastsetting av pris i tilbodet **må** det komme klart fram kva som inngår i tilbodsprisen.

Tilbod **skal** sendast til post@austrheim.kommune.no **innan 09.06.2023 kl. 12.00**. Merk tilbodet «Tilbod på HR-ressurs Austrheim Kommune».

Kommunen anerkjenner at fristen er kort, men behovet er akutt. Ved spørsmål ta kontakt med underteikna.

Med vennleg helsing

Christopher M. Straumøy
Rådgjevar/Jurist
Telefon 97 59 97 55
Austrheim Kommune